



# ÅRSMELDING 2018

## FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JM&R) vart etablert 15.2.2016 som ein frittstående partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JM&R vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen søkja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak.

## ORGANISERING

Verksemnda er basert på medlemskap med tilhøyrande kontingent. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er etablert sjølvstendige jordvernforeningar som dekker store delar av landet. Det er ingen formell overbygning for jordvernforeningane. Det blir likevel samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og nokre administrative oppgåver.

## ÅRSMØTET I 2018

Dette vart gjennomført på Gjermundnes vidaregåande skule 7.mars i etterkant av Jordvernkonferansen same stad. Det var 9 fram møtte i årsmøtet. Møtet vart leia av styreleiar Kolbjørn Gaustad. Årsmelding, rekneskap og budsjett vart godkjent. Magnus Jonsson hadde send inn sak til årsmøtet om handtering av matjord i utbyggingssaker og krav til tiltakshavar/utbyggjar. Hans utgangspunkt ber erfaringar knytt til handtering av jord i samband med vegprosjekt for Tresfjordbrua. Han bad m.a. om at det vart send brev til kommunane om at det må setjast krav til utbyggjar om plan for handtering og bruk av dyrka og dyrkbar jord i utbyggingssaker. Årsmøtet slutta seg til forslaget og bad om at styret følgjer opp.

Valget fekk følgjande utfall:

Leiar: Kolbjørn Gaustad (gjenvalg, 1 år).  
Styremedl: Anne Katrine Jensen (gjenvalg, 2 år).  
Styremedl: Helge Øverås (ny, 2 år).  
Nestleiar: Anne Katrine Jensen (gjenvalg, 1 år).  
1.vara: Eli Sæther (ny, 1 år).  
2.vara: Leif Inge Grebstad (ny, 1 år).  
Valgkomite: Magnus Jonsson (ny, 3 år).  
Vara valgk: Julie Slenes Leine (ny, 1 år).  
Revisor: Guttorm Kjelsvik (gjenvalg, 1 år)

Alle valg var einstemmige.

### Ikkje på valg:

Styremedl: Øystein Solli. (Vald for 2 år i 2017.)  
Styremedl: Atle Frantzen. (Attvald for 2 år i 2017.)  
Valgkomite: Torill Vinje. (Vald for 3 år i 2017.)  
Valgkomite: Stein Brubæk. (Vald for 3 år i 2016. Leiar i 2019.)

### Desse gjekk ut av valde funksjonar:

Helge Øverås: Har tidlegare vore 2.vara til styret. Er no vald som styremedlem for 2 år.  
Eli Sæther: Har tidlegare vore styremedlem. Er no vald som 1.vara for 1 år.  
Audun Skjervøy: Har tidlegare vore 1.vara til styret. Går no ut.

Til slutt takka Kolbjørn Gaustad for innsatsen til dei som gjekk ut av valde funksjonar. Han takka også for godt gjennomført årsmøte, ønska velkomen til eit nytt arbeidsår og gratulerte dei som vart vald inn i nye funksjonar. Eli Sæther fekk bok som takk for innsatsen som styremedlem.

## ARBEID OG SAKER I STYRET

Det er halde 3 styremøter. Her er nokre av sakene som er behandla:


### Jordvernkonferanse på Gjermundnes 7.3.

Årets jordvernkonferanse hadde tema «Jordvern – E39 og Møreaksen»:

**JORDVERN KONFERANSEN**

FOR MØRE OG ROMSDAL  
Onsdag 7.mars 2018  
Gjermundnes vidaregåande skule, Vikebukta, Vestnes

Tema:  
**JORDVERN - E39 OG MØREAKSEN**



**PROGRAM**

10.30: Frammøte, registrering, kaffi og rundstykker.

11.00: Opning og innleiing v/ Kolbjørn Gaustad, styreleiar Jordvern Møre og Romsdal.

11.15: Innleiing og presentasjonar v/  
Geir Inge Lien, ordførar Vestnes kommune  
Rolf Arne Hamre, Statens Vegvesen, Region Midt  
Odd Helge Gangstad, styreleiar Møreaksen  
Spørsmål/diskusjon.

14.00: Middag.

15.00: Årsmøte Jordvern Møre og Romsdal.

Påmelding innan fredag 2.mars til [moreogromsdal@jordvern.no](mailto:moreogromsdal@jordvern.no) eller 90 95 47 87.

Deltakaravgift: Gratis for medlemmar av Jordvern Møre og Romsdal, kr 225,- for andre.

Målgruppe er politikarar og administrasjon i kommunane, bønder, grunneigarar og andre som er opptekne av korleis areal som er egna til matproduksjon blir brukt.



Konferansen hadde ca 30 deltakarar. Etter gjennomført konferanse vart det invitert til årsmøte.

### **Handtering og bruk av matjord i utbyggingssaker**

Dette er ei sak som styret har handtert og hatt til behandling i fleire år. Saka blei på nytt reist i årsmøtet i 2018. På grunnlag av dette er det sendt brev til kommunane om tiltak for betre jordvern. I brevet vart det også anmoda om betre kontroll og tilsyn med krav om driveplikt.

Temaet vart også tatt opp i samband med Jorddagen på Gjermundnes 4.12. Her orienterte Olav Martin Synnes frå Norsk Landbruksrådgiving Vest om «Jordmassar — frå problem til ressurs. Handbok i bruk av overskotsmassar til utviding eller forbetring av dyrka jord».

### **Oppdatering av nasjonal jordvernstrategi**

Eit einstemmig Storting vedtok 6.2.2018 å be regjeringa om å leggja fram ein revidert/oppdatert jordvernstrategi i samband med budsjettframlegget for 2019. Jordvernforeningane utarbeida eit felles notat og deltok på møte i Landbruksdepartementet 5.4. om dette. I neste omgang, før budsjettbehandlingen, vart det utarbeida eit felles brev til departementet frå jordvernforeningane om saka. Jordvern Møre og Romsdal sluttra seg til felles innspel frå foreningane. Framlegg til oppdatert jordvernstrategi vart vedtatt, men utan større endringar.

### **Verdens jordverndag 5.12. – jorddag på Gjermundnes**

Som ei markering av Verdens jordverndag inviterte Jordvern Møre og Romsdal til jorddag på Gjermundnes 4.12. Dei 33 deltakarane fekk med seg følgjande innlegg i løpet av dagen:

Kolbjørn Gaustad, Jordvern Møre og Romsdal: Opning.

Tormod Meisingset, Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Oppfølging av nasjonal jordvernstrategi.

Toril Wikesland, Norges Bondelag: Kva er dei store jordvernsakene ?

Olav Martin Synnes, Norsk landbruksrådgiving vest: Jordmassar – frå problem til ressurs.

Ordførarar i Romsdalsregionen v/Odd Helge Gangstad, Bernhard Riksfjord, Rolf Jonas Hurlen, Tove Henøen: Jordvern og arealforvaltning i min kommune.

### **Statens vegvesen – føringar for å ta omsyn til dyrka jord i plansaker**

Spørsmål rundt dette er løfta fram i fleire samanhengar. Det var ønskje om å ta opp temaet i samband med jorddagen og Verdens jordverndag, men temaet måtte gå ut. Saka har også kome opp i samband med konkrete utbyggingssaker.

### **Statistikk for omdisponering av jord for 2017 – på verstingtoppen**

KOSTRA sine tal syner at Møre og Romsdal ligg på landstoppen for omdisponering av areal i 2017. Her er pressemeldinga som kom frå fylkesmannen då tala vart kjend i juni:

## *Møre og Romsdal toppar verstingliste*



Publisert 20.06.2018

***Dei endelege tala frå KOSTRA syner at 4025 dekar jord vart vedtatt nedbygd i 2017 i Noreg. Møre og Romsdal er det fylket som byggjer ned mest matjord i heile landet, med 734 dekar dyrka jord. Bustad- og vegbygging er hovedårsaka til det omfattande tapet av viktig matproduserande landbruksareal.***

### ***Molde verst***

*Molde kommune toppar verstinglista med 347 dekar dyrka mark. Ein stor del av dette gjeld bygging av ny E39 Lønset – Hjelset. Sjølv om vi ser bort frå E39, ligg fortsatt både Molde og Møre og Romsdal høgt på lista over nedbygging av matjord samla sett. På den uheldige topp 100 lista har Møre og Romsdal heile 13 kommunar, som totalt stod for omdisponering av 678 dekar dyrka jord.*

### ***Mykje dyrkbar jord gikk òg tapt***

*Inkluderer vi tapet av dyrkbar jord på 602 dekar, som også er ein viktig ressurs og reserve for framtidig matproduksjon, så er den samla omdisponeringa av matjord på 1336 dekar.*

### ***188 fotballbaner***

*Går vi ut ifrå at Ullevaal Stadion er ca. 7,1 dekar, så tapte vi berre i 2017 - i for Møre og Romsdal, landbruksareal tilsvarande 188 fotballbaner, som vi kunne produsert mat på istaden for å bygge blant anna hus og veg. Kvar ku treng får frå 8-12 dekar dyrka mark, for å gje 6200 liter mjølk i året, som er gjennomsnittet. Det betyr at i 2017 åleine tapte vi jordressursgrunnlaget for produksjonen av ca. 830 000 liter mjølk i året.*

### ***Behov for kraftig innstramming***

*Kommunar, statlege og regionale mynde og næringsaktørar må verte meir beviste på at dyrka mark skal brukast til matproduksjon til befolkninga, og strekke seg til det ytterste, for å finne eigna areal som ikkje går på bekostning av viktig landbruksareal.*

Dette har vore fokus i arbeidet i fleire samanhengar gjennom året.

#### **BREV, UTTALELSAR, SAKER**

I løpet av arbeidsåret er det sendt ei rekke brev og gitt uttale i ulike saker:

#### **Arealdel kommuneplan Giske**

#### **Reguleringsarbeid Gaustad kirkegård, Eide**

#### **Lesarinnlegg v/Kolbjørn Gaustad:**

«Jordvern for framtida», Romsdals Budstikke m.fl., 15.3.18.

«Kven styrer landbruksjorda?», Dag og Tid m.fl., 25.1.19.

«Jordvernet må styrkast», Nationen m.fl. 16.1.19.

#### **Felles uttale til ny jordvernstrategi:**

Alle jordvernforeningane har levert felles brev med innspel til Revidert jordvernstrategi.

#### **Brev til Ørsta kommune: E39 Hovden – Osborg – Ose og andre samferdselsprosjekt**

«Det måtte bli eit fleirtal i fleirtalet av fylka før at eit fleirtal på Stortinget skulle akseptere eit medlemskap.»

guld.no

## Kven styrer jordbruksjorda?

### JORDBRUK

#### KOLBJØRN GAUSTAD

Siri Helle skriv ein artikkel 11. januar om å ta styringa på landbruksjorda. I neste nummer er det to innlegg om saka som eg ikkje ønskjer å kommentere.

Siri Helle skriv at meir enn halvparten av norsk jordbruksjord er leigejord, og det er på høg tid at det vert ei styrt opprydding. Ho skriv at det må verte vanskelegare og ikkje lettare å leige vekk jord. Egedomsforholda, lovgjevinga, drifta av norsk landbruksareal er i dag eit einaste rot, skriv ho. Jord er ikkje noko du berre eig, men matjorda forvaltar ein på vegner av samfunnet, skriv ho. Dette er sant og kan ikkje bortforklastast.

Det er Stortinget som er vårt lovgjevande organ der regelverket skal vedtakast. Det er sikkert rett at det trengst ei forbetring av lovverket. Etter mitt syn er det ikkje først og fremst lovendringar vi treng. Vi har eit godt nok lovverk, men det vert ikkje etterlevd. Difor kan ein seie at mykje av det rotet Siri Helle peikar på, kjem av at samfunnet ikkje praktiserer og etterlever gjeldane lovverk.

Skiftande regjeringar utholar lovverket, slik Frp sine landbruksministrar har gjort ved fleire lovendringar der intensjonen har vore å svekke lovverket om jordbruksjord. Mindretalet i næringskomiteen tapte i desember røysting i Stortinget over eit framlegg om at jordvernet skulle flyttast frå kommune- til fylkesnivået.

Som lokalpolitikar i 50 år har eg vore mellom dei som til tider har mangla politisk ryggrad til å ta dei upopulære standpunktene som ofte krevst i jordlovsaker. Difor vil ei slik omlegging vere til jordvernets beste. Eg trur lokalpolitikarar vil føle ein lette om denne oppgåva vert flytta til fylkesnivået. Det er ikkje så lett når ein ny innflyttar krev tomt på dverka jord for å flette

heim. Eller når ei ny bedrift vil etablere seg i kommunen berre om dei får den tomte dei vil ha, midt i dyrkemarka. Elles vil dei etablere seg i nabokommunen.

Det er nok att for lokalpolitikarane å ta fatt i Bu- og driveplikta er ei anna side der kommunane heller ikkje har stått på harrikadane og teke samfunnsansvar. Eg har til gode å sjå utlysing av landbruksseigdomar til sals der buplikta er oppfylt slik lova krev. Kravet til buplikt er i dag ein sovande paragraf i altfor mange kommunar, for ikkje å seie i dei aller fleste.

Driveplikta er ei anna side av det same. Der intensjonen med lova er at jorda skal drivast og haldast i hevd for matdyrking til komande slekter. Dette er eit stykke på veg ivareteke ved reglar om at det skal opprettast langsiktig leigekontrakt, på minst ti år, for å sikre både leigar og eigar sitt behov. Eigaren sitt ansvar er løyst og han kan stje med bustaden utan å måtte drive jorda. Det vert for enkelt og med dagens regelverk vert det kapitalkrefte som rår grunnen.

Leigejorda ligg ofte langt borte frå der dyra skal fløst. I praksis betyr dette lange køyringar og tilsvarende klimaforureining. Det må vere betre og mindre klimaforureinande å dyrke opp myr enn å ha leigejord fleire mil vekk og køyre gjødsel og fôr, som er både meiningsløst og urasjonelt. Slik kan det ikkje halde fram.

Marknadsøkonomi er ikkje løysinga. Her er vi ved kjernten av denne problemstillinga mellom å ta vare på jordbruket i bygdesamfunnet og synet til høgrekrefte om at berre prisen på bruket er høg nok, vil marknadsøkonomien ordne resten. Interesse for småbruk auka sterkt etter fristeppet prismessig, men har minka etter at nokre i sin lever etter å nå idyllen har oppdaga at dei ikkje

heilt har tenkt over at det er ein del arbeid og plukter som følger med ein eigedom, sjølv om det berre er eit småbruk.

Ingen av landbruksministrane Listhag eller Dale har gjennom sine lovendringar styrkt landbruket si stilling. Dei har berre svekt det lovverket og lovvernet ein alt hadde.

Tidlegare hadde vi ei ordning med at staten hadde forkjøpsrett når landbruksjord skulle seljast. Dette var ei god ordning der dei næraste grannane fekk ei behovsretta tildeling av det som skulle omsattast. Slik fekk ein også ei god arrondering og ville sleppe dagens meiningsløse transport til og frå leigejorda. Høgreregjeringa sørgde for at denne gode ordninga vart avskaffa, fordi ho ikkje samsvara med landbrukspolitikken til høgrekrefte.

Leigejord vert i praksis driven som eit haustingsbruk der ein ikkje grøftar og kultiverer jord så ofte som ein gjer med si eiga. Difor er det betre å eige jorda enn å leige. Difor må vi snarast sørgje for at statens forkjøpsrett til landbruksjord vert innsett på nytt i neste stortingsperiode.

Plan- og bygningslova er eit anna politisk tlyre som ikkje har gagna landbruket monaleg. Før hadde vi eiga handsaming av jordlovsakene der det var snakk om å bygge ned dyrka jord. Dersom lokaldemokratiet sa nei, med heimel i jordlova, vart det slik.

Seinare endra planverket rekkefølgjekravet, slik at i praksis vart jordlova berre ei av mange høyringar i reguleringsaker. På den måten fekk ein vekk dei brysane utfordringane som § 9 i jordlova var, og krava i strandplanlova om byggeforbod i strandsona. Den som ønskjer å bygge ned dyrka jord, må lage ein reguleringsplan. Det har hittil vore resepten på smertefri nedbygging av dyrkajord.

Gav ikkje reguleringsplanen nok «fristepp», var det nærast fritt fram for lokaldemokratiet til å dispensere frå planvedtaket om det ikkje var slik alle ønskte.

Slik kan det ikkje halde fram om komande slekter skal leve av norsk mat!

Vi kjem langt, mykje lenger enn i dag, om vi brukar og lever etter gjeldane lovverk, når vi får att statens forkjøpsrett!

Korbjørn Gaustad er seiar for Jordvern Mars og Rorrosa og har vore lokalpolitikar i Eide kommune i meir enn 50 år.



**Krav til driveplikt/skjult nedbygging av dyrka jord, Malmefjorden, Fræna**

**Tilgang til dyrka jord, Molde/Fræna**

**E39 Vik – Digernes**

**Brev til kommunane om tiltak for betre jordvern:**

Særleg med fokus på handtering av matjord i utbyggingssaker og oppfølging av driveplikt.

**Rullering av samfunns- og arealdelen av kommuneplan, Gjemnes**

**Nedbygging av dyrka jord, Austefjorden, Volda**

**Arealdel kommuneplan Haram**

## **MØTER, ARRANGEMENT, KONFERANSAR**

### **Jordvernmarkering framfor Stortinget onsdag 17.10.:**

Organisasjonar med sterkt engasjement for jordvern, inkludert jordvernforeningane, hadde markering framfor Stortinget denne dagen. Hovedtema var å markera ønskje om sterkare verkemidlar for jordvern i samband med revidert jordvernstrategi. Geir Pollestad frå næringskomiteen tok imot brev/oppprop.

### **EU-konferanse, Kristiansund 10.-11.11.:**

Kolbjørn Gaustad.

### **Landbrukskonferanse, Ørsta 8.2.19:**

Jordvern Møre og Romsdal stilte med stand og medlemsverving.  
Even Øverbø og Leif Inge Grebstad deltok.

### **Næringskonferanse, Molde 8.3.19.:**

Jordvern Møre og Romsdal stilte med stand.  
Kolbjørn Gaustad, Anne Katrine Jensen, Eli Sæther og Øystein Solli deltok.

### **Årsmøte Møre og Romsdal Bondelag, Molde 8.-9.3.19:**

Jordvern Møre og Romsdal stilte med stand.  
Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen deltok.

### **Foredrag om Jordboka v/Dag Jørund Lønning, Molde 20.2.19:**

Arrangør: Molde Hagelag. Atle Frantzen deltok.

### **Lanseringskonferanse Jordboka 2, Bryne 15.-16.3.:**

Atle Frantzen deltok.

### **Samling for jordvernforeningane, Oslo 6.11.:**

Tema var m.a.:

- Plan- og bygningsloven og ikkje-prissatte verdier.
- Revidert nasjonal jordvernstrategi v/Geir Pollestad, næringskomiteen.
- Konsekvensutgreiing v/større utbyggingssjanser.

Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen deltok.

### **Fagdag om særlovene i landbruket, Molde 8.11.:**

Hovedtema var bu- og driveplikt. Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen deltok.

### **Beredskapskonferanse, Valldal 9.4.:**

Dette var ein stor konferanse på temaet beredskap og matvaresikkerhet.

Frå styret deltok Kolbjørn Gaustad, Anne Katrine Jensen, Atle Frantzen, Øystein Solli, Eli Sæther og Leif Inge Grebstad. Konferansen vart kombinert med styremøte.

## MEDLEMSKAP, MEDLEMSVERVING, UTADRETТА KONTAKT

### Medlemar

Pr 31.12.2017 var det registrert 40 betalende medlemar. Pr 31.12.2018 er dette auka til 55 betalende medlemar.

### Medlemsverving

Einaste faste inntektskjelda for Jordvern Møre og Romsdal er medlemskontingenten. Lav kontingent og få medlemar gir pr i dag lite grunnlag for å utvikla aktiviteten, sjølv om mange oppgåver ventar. Det er difor viktig å prioritera medlemsverving og administrative oppgåver som etter kvart kan gjera drifta lettare. Det er gitt tilsagn om tilskot frå Landbrukssekelskapet i Møre og Romsdal som skal bidra til å utvikla og betra det administrative arbeidet.

Dessutan er det svært viktig at også eksisterande medlemar er med på å verva nye medlemar.

### Utadretta kontakt:

Det er etablert eigen e-post: [moreogromsdal@jordvern.no](mailto:moreogromsdal@jordvern.no) som blir lest av leiar og sekretær.

Det blir drifta egne heimesider under [www.jordvern.no](http://www.jordvern.no). Denne er felles for jordvernforeningane.

Det er behov for å oppgradera heimesidene. Leverandøren har no sagt opp supporten på heimesidene.

Det er etablert ei eiga facebookgruppe «Jordvernforeningen Møre og Romsdal». Grappa er offentleg, det må søkjast om å bli medlem i grappa, som ikkje er knytta til medlemskap. Den har ca 93 medlemar. Grappa har hatt ca 55 innlegg frå 1.1.2018.

Møre-Nytt 28.2.2019:

- Bondelagsleiar reagerer på at dyrka mark forsvinn i Åmdalen

# – Eit vanvitig prosjekt

– Gangvegen ved Dalane skule er viktig og eg er ikkje imot den, men ved å bygge den langt inne på dyrka mark øydelegg dei mest mogleg på kortast mogleg tid.

Det seler bonde og leiar i Hjørundfjord bondelag Knut Hustad. Denne veka har arbeidet med den nye gangvegen frå Dalane skule til Tussavegen starta opp. Hustad reagerer på avstanden mellom gangvegen og fylkesvegen.

– Området som vert ståande att her er ikkje brukande til noko som helst. Eg htsar meg og opp av gang- og sykkelvegen på Brekke som ligg midt ute på marka. Eg er bonde sjølv og jordvern er viktig. Vi kan ikkje fare slik åt med den litaste dyrka marka rett att med vegen, seler Hustad som er tydeleg på at gangvegen må vere så nær fylkesvegen som råd og at det må kome opp rekkverk.



**JORDVERN:** Knut Hustad meiner at for mykje dyrka jord forsvinn i samband med bygging av gangveg ved Dalane skule.

### ●● Eg er bonde sjølv og jordvern er viktig

Knut Hustad

### Bygt etter Statens vegvesen sin standard

Prosjekttingenior Dag Jarle Aa i Ørsta kommune opplyser at det ikkje er sjølvne gangvegen som er det er starta på.

– Den stripa som no er lagt ut på marka er for å få gangtilkomst rundt anleggsområdet. Der skal det bli dyrkamark att

når gangvegen er ferdigstilt. Dette er og avtalen med grunnelgar.

Ifølgje Aa er prosjektet regulert etter Statens vegvesen sin standard for fylkesveg.

– Det skal vere ei grøft på fire meter frå dagens veg og så sykkelveg med ei breidde på tre meter. Dette er i samsvar med reguleringsplan og Statens veg-

vesen sine handbøker.

Det er Ørsta kommune som er byggherre for prosjektet med Volida maskin som entreprenør.

– Området er regulert og etgd av Statens vegvesen og fylkeskommunen. Når prosjektet er ferdigstilt vil det ta over ansvaret for vegen.

Hustad held fast på kritikken

etter å fått høyre at gangvegen skal kome nærare fylkesvegen.

– Eg meiner at det flyttar gangvegane lenger frå fylkesvegane enn tidlegare. Det må kome nærare vegen att og bruke rekkverk. Det er mange meter med jord som forsvinn, seler Hustad.

**JOACHIM KRØKEN ÅSEBØ**  
joachim@maranyle.no

## Jordvern Møre og Romsdal Resultatregnskap

	2018	2017
<b>Driftsinntekter</b>		
Tilskudd	70 200,00	24 904,00
Kontingent	12 875,00	9 525,00
Arrangement	3 150,00	25 800,00
Renteinntekter	114,00	31,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>86 339,00</b>	<b>60 260,00</b>
<b>Driftskostnader</b>		
Gebyr	71,39	48,00
Reisegodtgjørelse	1 022,00	7 758,10
Arrangement	11 450,00	18 700,00
IT/ hjemmeside	700,00	769,00
Honorar	0,00	13 170,60
Styremøte	733,79	994,10
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>13 977,18</b>	<b>41 439,80</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>72 361,82</b>	<b>18 820,20</b>

## Balanse pr. 31.12.2018

	2018	2017
<b>Eiendeler</b>		
Bank	115 456,02	3 539,20
Til gode tilskudd Landbr.dir.	0,00	33 574,00
<b>Sum eiendeler</b>	<b>115 456,02</b>	<b>37 113,20</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>		
Egenkapital	108 706,02	36 344,20
Leverandørgjeld	6 750,00	769,00
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>115 456,02</b>	<b>37 113,20</b>

*Revidert og godkjent  
Molde 9.03.2013  
Guttorm Kjelson*

INNLEGG

# Jordbruksareal under press

14

bygdebladet

Småhus planlagt på Indre Skodje

## - Vil tilby noko som ikkje finns på Skodje i

- Dette er eit helt anna slags tilbod som ikkje finst på Skodje i dag. Vi vil bygge småhus på bustadområdet Indre Skodje, spesielt tilpassa barnfamiljar og nyetablerte, seier grunneigarane. Dei ønsker å bygge mellom 60 og 80 bustadningar på området.

Dei søker på ei siste åra har det vore bygd mange bustadstykke og fleire småbustadar.

- Dette er kanskje mest nyttige til eldre byggeropp. Skal Skodje fortsette å vere ei attraktiv lokkommune, må vi kunne tilby bustadområde som er også til barnfamiljar. Utan dette bustadområde er ei støtte for ei den positive utviklinga i Skodje skog og seier grunneigarane.

Mått eit Det har gått saman over å få samregulert eit område på 60 mål til bustadbruk. Med på laget har det Blane Høy som utbyggjar. Området ligg mellom Skogveggen (7-9) og Skodje Høy.

Mellom gårder på ei område del ligg skogområde. Det er ei stort lunde busk, kan, skule, kyrkje og beidning. I tillegg ligg det god skog over Skogveggen.



Her på Indre Skodje søker vi ein nytt bustadområde med hus og utleig bustad. Dette er det for dei av dei i dag skogområde Skodje framleis skal vere ei attraktiv lokkommune, seier grunneigarane fr. Anders Klånes, Jvinn Egil Tjønn og Øystein Strømme.

88 - RUTH JANNE VIKJE

- Skodje er eit populært område og mange flyttar hit. Vi vil derfor vere i forkant og tilby småhus, noko som det er mangelt på, seier dei tre grunneigarane Anders Klånes, Øystein Strømme og Jvinn Egil Tjønn.

I tillegg vert det nokre småskole og små bar-

nye til gode. Området er stort nok til å byggje ut skole og barnehage. Men slik det ligg i dag er

Bygdebladet tirsdag 6. november 2018

«Gjer Skodje endå meir attraktiv» og «- Vil tilby noko som ikkje finst på Skodje i dag». Dette er to avisoverskrifter frå kort tid tilbake, og rapportasjane handlar om omdisponering av matjord, dyrka og dyrkbar, til bustadbygging.

**Rullering**  
Skodje kommune starta opp arbeidet med rullering av arealplanen hausten 2016, og planutkastet var på offentlig ettersyn sommaren 2018.

I planprogrammet for arealdelen står det m.a: «Skodje kommune skal ha ei trygg forvaltning av matjord og viktige landbruksareal og det skal utarbeidast ei oversikt over viktige landbruksområde. Jord- og skogbruksneringa skal gjennom kommunen si planlegging sikrast føreseielege tilhøve, og kommunen skal gjennom gode planprosesser motverke/hindre konfliktar mellom ulike arealformål».

**Fleirtalet**  
I den aktuelle saka som overskriftene handlar om, har fleirtalet i kommunestyret gått inn for regulering til bustadområde. I følgje «Nytt i Uka» var ordførar i Skodje, Dag Olav Tennfjord (H), mellom lokalpolitikarane som stilte seg positiv til å regulere området til bustadformål. Ordføraren er framleis

positiv til å få arealet omdisponert til bustadområde, og «for å berolige grunneigarane uttrykker han klart: - Eg har ikkje skifta meining».

**3% dyrka mark**  
Arealrekneskapen i kommuneplanen for 2007- 2017 (s.10) viser at skogen utgjør 53% av totalarealet, og dyrka mark 3 %.

Dette er vel ikkje ein rekneskap, men heller ein «arealstatus». Dei siste kommunestyreperiodane har store deler av matjorda i Skodje-krinsen vorte omdisponert til husbygging. Eit overslag over utviklinga i Skodje-krinsen viser at kring 200 daa dyrkemark er omdisponert til bustadbygging dei siste 15-20 åra.

**Rår ifrå**  
I sitt høyringsinnspel rår landbruksjefen ifrå at det vert bygd ned dyrka og dyrkbar jord i kommunen. Det aktuelle området på Indre Skodje er i tema-planen for jordbruk avsett til prioritert landbruksområde, «kjerneområde landbruk».

**Stadanalyse**  
Konsulentfirmaet Nordplan har på oppdrag av Skodje kommune lagt fram ein stadanalyse der tilrådinga for området sør for fylkesveggen på Indre Skodje er «grønt område (LNF, friområde m.m.)». Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si fråsegn



Gunnar Haugo Skodje

til offentlig ettersyn for arealdelen i kommuneplanen fremja motsegn mot dette bustadområdet. Han peikar også på at dette er ein del av kjerneområde landbruk i Skodje kommune, og presiserer også at LNF-føremål skal ha sterkt vern mot omdisponering. Nedbygging av god matjord i aktiv drift strir imot nasjonal jordvernstrategi.

**Ikkje sett**  
I eit av våre innspel til arbeidsgruppa for arealplan har Skodje Bondelag utfordra Skodje kommune til m.a. å legge fram ein arealrekneskap for matjord, som gir tydeleg oversikt over omdisponeringa frå LNF-område, spesielt dyrka mark, til andre formål i dei siste planperiodane. Ein slik oversikt har vi enno ikkje sett.

Gunnar Haugo, leiar i Skodje Bondelag

Fremt ligg i Området er idag klassifisert til landbruk, LNF-område. Noko av det er rann-

# Romsdals Budstikke

Ansv. redaktør og adm. direktør (i permisjon): **Ole Bjørner Loe Woldo**  
Ansv. redaktør (konst.): **Gyvind Brunvoll**  
Adm. direktør (konst.): **Terje Brecke**  
Nyhetsredaktør: **Torill Skuseth**  
Reportasjeredaktør: **Jan Inge Tomren**  
Telefon: **71 25 00 00**



**BLIR FÆRRE:** Antall jordbruksbedrifter fortsetter synke. Fra 2016 til 2017 sank antallet bruk med 1,9 prosent, viser tall fra SSB.  
ILLUSTRASJONSFOTO: TERJE BENDIKSBY / NTB SCANPIX

## *Færre gardsbruk og mindre matjord*

I Norge blir det færre gardsbruk og stadig mer av matjorda forsvinner. Det er alvorlig for Norge og trussel mot vår matsikkerhet og sjølforsyning.

Bare i 2017 ble det registrert nesten 800 færre jordbruksforetak enn året før. På ti år har 9.600 gardsbedrifter forsvunnet, viser tall fra Statistisk sentralbyrå. – Stadig færre livnærer seg av å produsere mat i dette landet. Det er bekymringsfullt, blant annet fordi det medfører at verdifull matjord går ut av drift, sier leder Lars Petter Bartnes i Norsk Bondelag til avisa Nationen.

Når Norge har færre gardsbruk forsvinner også viktig matjord. Matjord som i stedet blir brukt til veger, boligutbygging og næringsbygg.

Norge har lite jordbruksareal sammenliknet med mange andre land. Bare tre prosent av Norges landareal er i dag dyrket mark, den laveste andelen i Europa. Og det er jorda som brukes til å dyrke korn, poteter og grønnsaker det blir mindre av.

Frykten for de dramatiske virkningene av klimaendringene og en større sikkerhetstrussel i verden, har fått mange til å våkne. Matberedskap og større grad av sjølforsyning er ikke lenger bare et ønske fra landbruksnæringa. Nå er det større politisk enighet om hvor viktig et godt og levende landbruk er. Men er det politisk vilje til å sørge for at hele landet tar vare på gardsbrukene og den viktige matjorda?

Dasavørre er vårt eget fylke et dårlig eksempel på å bevare matjorda. I 2017 var Møre og Romsdal på verstingtoppen i forhold til omdisponering av matjord til andre formål. Da forsvant matjord tilsvarende 188 fotballbaner.

Det er et etisk ansvar å ta vare på matjorda vår. I en verden med flere mennesker, må matproduksjon være overordnet mye annet. Produktiv jord skapes gjennom mange generasjoners hardt arbeid, men kan forsvinne på kort tid. Vi må ta vare på den jorda vi har og slutte å bruke dyrket mark til andre formål enn matproduksjon.

**●● Produktiv jord skapes gjennom mange generasjoners hardt arbeid**

**j**ordvern.no

MØRE OG ROMSDAL

**Fannestrandsvegen 63, 6415 Molde**  
**Inngang: Felleskjøpet Agri, 3.etg.**  
**Tlf 71 20 28 90, 909 54 787**  
**[moreogromsdal@jordvern.no](mailto:moreogromsdal@jordvern.no)**  
**[www.jordvern.no](http://www.jordvern.no)**